



Dato: 14.11.2018
Arkivsak: 2018/16480-4
Saksbehandlar: sillyng

Uttale frå Fylkeseldrerådet i Hordaland til sak om likeverd og likestilling

Fylkeseldrerådet handsama rapport vedr. plan for likeverd og likestilling i Hordaland fylkeskommune under sak 59/18 på møte den 08.11.2018.

Fylkeseldrerådet er svært nøgd med at Hordaland fylkeskommune har utarbeidd ein så omfattande handlingplan for likeverd og likestilling. Og for at fylkeskommunen har forplikta seg til å intensivera det viktige området likeverd og likestilling gjennom å underteikna det europeiske charteret. Vidare, at fylkeskommunen har forplikta seg til at dette skal vere ein kontinuerlig prosess og ein prioritert del av arbeidet med alle dei fylkeskommunale planar og styringsdokument.

Fylkeseldrerådet vil påpeika faren for eventuelt manglende oppfølging i ein del av dei fylkeskommunale einingane, og at likeverdsplan gjerne ikkje blir følgt godt nok opp i lokale HMS-planar, reglement og rutinar.

Arbeidsgjeverperspektivet

Det er særskilt viktig at det frå øverste leiing vert stilt krav til den einskilde leiar om å ta ansvar for dette arbeidet og at ein synleggjer at det er nulltoleranse for mobbing og alle formar for trakkassering og forskjellshandsaming pga kjønn og funksjonsevne, i heile fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet vil særskilt påpeika at eldre arbeidstakrar ikkje må oppleva diskriminering eller utfrysing og at ein prøver å få fleire kvinner inn i leiastillingar også gjennom interne opprykk. Det må og vera eit mål at alle deltidstilsette som ønskjer det, få sjansar til auka stillingsgrad. Dette bør ein vera særskilt merksam på når det gjeld omstillingsprosessar.

Universell utforming

Vidare vil eldrerådet, på ny, få presisera at alle fylkeskommunale einingar må tilretteleggast for funksjonshemma, som svaksynte/blinde, rullestolbrukarar, rørslehemma, eldre og andre som har trong for tilrettelegging. Dette må omfatta alle offisielle bygningar, transportmidlar, haldeplassar, gang- og sykkelstiar mv., og er eit arbeid som må prioriterast.

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre, nestleiar Fylkeseldrerådet
for Kåre Ystanes, leiar